

Arbeidsmiljøprisen

RADØY

Kandidatar til Arbeidsmiljøpris 2014

Krieterier for tildeling av Arbeidsmiljøprisen i Radøy kommune er følgjande:

1. Arbeidsmiljøprisen har som føremål å fremje og stimulere til eit godt arbeidsmiljø i kommunen og på arbeidsplassane i einingane.
2. Prisen vert delt ut til ei eining eller avdeling i Radøy kommune.
3. Det vert ikkje gjort skilnad mellom fysiske eller psykososiale tiltak. Prisen vert delt ut til ei eining eller avdeling som tilfredsstiller eit eller fleire av kriteria:
4. KRITERIA:
 - Har fokus på arbeidsmiljøet i eininga og i Radøy kommune på ein konstruktiv og positiv måte.
 - Har gjennomført tiltak som har fremja eit godt arbeidsmiljø.
 - Har medverka aktivt til et inkluderande arbeidsliv.
 - Kulturen er prega av godt humør og spreier trivsel og glede.
 - Kulturen er slik at ein utan oppfordring gjer noko positivt for miljøet på arbeidsplassen.
 - Kulturen er slik at ein støtter kollegaer som slit med problem og gir ros og varme.
 - Har lågt sjukefråvær / tydeleg reduksjon i sjukefråvær som følgje av godt arbeidsmiljø og arbeidsmiljøtiltak.
 - Har god /betre enn snittet/tydeleg betring i skår på medarbeidarundersøkingar og andre undersøkingar.
5. Alle kan foreslå kandidatar til Arbeidsmiljøprisen. Framlegga skal være skriftlige med ein om-tale av kva eininga /avdelinga har medverka til innanfor arbeidsmiljøet og ei kort grunngjeving om kvifor kandidaten bør få prisen.
6. Prisen består av kr 10 000,- pluss eit diplom som teikn på at eininga / avdelinga har vunne arbeidsmiljøprisen..
7. Prispengane skal ikkje brukast i drifta av eininga.

8. Jury blir basert på trepartssamarbeidet, ved at representant frå politisk nivå, administrasjon og tilsette sine organisasjoner tek del. Juryen legg premissane for arbeidsmiljøprisen, og kårar vin-nareininga. Arbeidsmiljøutvalet (AMU) og ordførar er jury for prisen.
9. Offentleggjering og overrekking på kommune-styret sitt møte før jul.

Rådmannen ber om å få forslag til kandidatar til Radøy kommune sin arbeidsmiljøpris



FRIST 1. november 2014

Send grungjeve framlegg til :

**Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger
eller e-post: postmottak@radoy.kommune.no**



RADØY
den grøne øya